

# Kontrollutvalet sin rapport til Senterungdommen sitt landsmøte 2021

## Samansetning og mandat

På Senterungdommen sitt landsmøte i 2020 blei Bent-Joacim Bentzen, Henning Røyneberg og Sara Hamre Sekkingstad vald som medlemmar i kontrollutvalet for 2020-2021. Sara Hamre Sekkingstad blei vald som leiar.

Kontrollutvalet sitt mandat følgjer av §15 i vedtektene til Senterungdommen:

*1. Kontrollutvalget består av leder og 2 medlemmer.*

*2. Utvalget skal foreta en helhetsvurdering av sentralstyrets disposisjoner i forhold til lover, vedtekter, arbeidsplan og budsjett. Videre skal*

*kontrollutvalget ta stilling til om utvalg og komiteer arbeider i henhold til sine vedtekter, økonomiplan og gitte fullmakter.*

*3. Kontrollutvalget har rett til innsyn i sakspapirer, regnskapsrapporter og andre dokumenter som er nødvendig for å oppfylle utvalgets kontrollfunksjon.*

*4. Kontrollutvalgets leder eller minst 2 av medlemmene kan sammenkalle til møte. Landsstyret kan også beslutte at møte skal holdes.*

*5. Kontrollutvalget legger fram sine vurderinger i en rapport til landsmøtet.*

## Arbeidsåret

Kontrollutvalet har hatt jamleg kontakt gjennom arbeidsåret. To av medlemmane i utvalet var til stades på Senterungdommen sitt landsstyremøte i oktober 2021. Det er gjort intervju av medlemmane i sentralstyret i Senterungdommen, generalsekretær i Senterungdommen, medlemmar i landsstyret, leiar av valkomiteen og generalsekretær i Senterpartiet.

Kontrollutvalet har fått tilbakemeldingar frå organisasjonen knytt til oppdatering av medlemssystemet. Utover dette har kontrollutvalet ikkje blitt kontakta frå organisasjonen om konkrete saker. Kontrollutvalet har konsentrert seg om følgjande hovudpunkt i årets rapport:

1. Økonomi og administrasjon
2. Medlemssystemet
3. Arbeidspress på tillitsvalde
4. Gjennomgang av tilrådingane frå fjorårets rapport

## 1. Økonomi og administrasjon

Kontrollutvalet viser til tidlegare rapportar der økonomi og administrasjon har vore eit gjennomgåande tema. Utvalet registrerer at det er skjedd ei positiv utvikling på dette området, og at rutinane knytt til organisasjonen sin økonomi er betra.

Likevel vil kontrollutvalet uttrykke bekymring for at landsstyret og sentralstyret har mangelfull oversikt over Senterungdommen sin økonomi. Kontrollutvalet registrerer at det ikkje er utsendt skriftlege rekneskapsrapportar i forkant av sentralstyremøte og landsstyremøte. Oversikt og rapportar om økonomi har i staden blitt framlagt i møtet.

Kontrollutvalet registrerer at årsaka til dette er etterslep i føring av Senterungdommen sitt rekneskap, som vert ført av rekneskapsfunksjon i Senterpartiets Hovudorganisasjon.

Kontrollutvalet peikar på vedtektene til Senterungdommen kor det står at landsstyret skal godkjenne rekneskapen til Senterungdommen innan utgangen av mai. Utvalet ser alvorleg på at rekneskapen til Senterungdommen ikkje var ferdig ført innan utgangen av mai, og at landsstyret av den grunn vedtok å gje fullmakt til sentralstyret for å godkjenne rekneskapen. Så langt utvalet forstår kan etterslepet i rekneskapsføringa delvis tilskrivas den ekstraordinære situasjonen knytt til covid 19-pandemien og innføring av nytt rekneskapssystem for Senterpartiet.

Likevel er det bekymringsverdig at rekneskapen til Senterungdommen ikkje vart godkjent før i slutten av august, og at ein akkurat fekk godkjent rekneskapen innan fristen for å søke momskompensasjon.

Kontrollutvalet registrerer at sentralstyret og generalsekretær har tatt tak i situasjonen og er bevisst sitt ansvar for økonomi og organisasjon. Utvalet merkar seg at sentralstyret og generalsekretær har gått i dialog med Senterpartiets Hovudorganisasjon for å få på plass betre rutinar og har følgd opp med eit vedtak om å formalisere dialogen om ikkje situasjonen betrar seg. Kontrollutvalet merkar seg at det i Senterungdommen vert arbeida godt med økonomistyring og at rutinane i organisasjonen er betra, men tilrår at sentralstyret og generalsekretær går i dialog med rekneskapsfunksjonen i for å utarbeide gode rutinar for økonomirapportering og rekneskapsføring.

Kontrollutvalet viser vidare til at utvalet i tidlegare rapportar har peika på at kontorfunksjonen til Senterungdommen er sårbar grunna stor arbeidsbelastning, få tilsette og oppgåver som avhenger av enkeltpersonar. Oppgåvene har auka i takt med høgare aktivitetsnivå og auka oppslutnad, utan at kontoret er styrka med ressursar. Generalsekretærfunksjonen er spesielt sårbar på grunn av det særlege ansvaret og oversikta vedkommande har knytt til mellom anna økonomi.

I fjorårets rapport vart det tilrådd å foreta ein grundig gjennomgang av rutinane knytt til arbeidsgjevaransvaret. Senterungdommen skal vere ein god arbeidsgjevar, og for stort arbeidspress kan gå utover arbeidsforholda. Kontrollutvalet merkar seg at sentralstyret er meir bevisst sitt arbeidsgjevaransvar, men at det framleis er viktig å ha eit bevisst forhold til det og stadig arbeide med å forbetre seg.

### **Kontrollutvalet sine tilrådingar:**

- a. Senterungdommen bør gå i dialog med rekneskapsfunksjonen, og utarbeide nye og betre rutinar for økonomioppdateringar og rekneskapsføring.
- b. Når møteplanen er fastlagt i starten av kvart arbeidsår bør det sendast ei tydeleg bestilling til rekneskapsfunksjonen om kva datoar Senterungdommen må ha mottatt oppdaterte tal, slik at skriftlege økonomirapportar kan sendast ut med sakspapira.

## **2. Medlemssystemet**

Kontrollutvalet blei kontakta av organisasjonen i vår med ei bekymring om at medlemssystemet ikkje var oppdatert, og det var vanskeleg å få oversikt over medlemmane i lokal- og fylkeslaga.

Kontrollutvalet har fått tilbakemeldingar på at fylkesleiarane har brukt mykje tid på å purre på feil og manglar i medlemssystemet, og at opplæringa har vore mangelfull.

Det er viktig at medlemssystemet til ein kvar tid er oppdatert og oversiktleg. Det er det viktigaste verktøyet for å ha oversikt over kven som er medlem i organisasjonen og for å ha kontakt med medlemmane i lokallag- og fylkeslaga. Eit oppdatert system lettar arbeidet for lokallags- og fylkesleiarane, då dei enkelt kan ta kontakt og sende informasjon til medlemmane via systemet.

Kontrollutvalet merkar seg at det er tatt grep, og at det er starta opprydding. Det vert vist til at kontoret hadde gjennomgang av medlemssystemet med fylkesleiarane under landsstyremøtet i oktober, og at det her blei retta opp i feil i systemet. Kontrollutvalet meiner likevel at organisasjonen bør ta ein gjennomgang av rutineane for å sikre at medlemssystemet til ein kvar tid er oppdatert og at tillitsvalde har den kunnskapen dei treng for å handtere medlemssystemet.

### **Kontrollutvalet si tilråding:**

- c. Senterungdommen gjennomgår rutineane for oppdatering av medlemssystemet, og utarbeider retningslinjer for opplæring av nye fylkesleiarar og lokallagsleiarar.

## **3. Arbeidspress på tillitsvalde**

Kontrollutvalet har fått tilbakemeldingar på at det er høgt arbeidspress på dei tillitsvalde i organisasjonen. Det blei vist til at oppgåvene i organisasjonen har auka i takt med høgare aktivitetsnivå, utan at administrative ressursar er tilsvarende styrka eller at det er fleire aktive tillitsvalde i organisasjonen. Dette medfører eit større arbeidspress på dei tillitsvalde og særleg sentrale tillitsvalde, då fleire av arbeidsoppgåvene vert lagt til sentralstyret og utvala.

Kontrollutvalet merkar seg at arbeidspresset særleg er større enn venta på varamedlemmane. Det er forventningar til at varamedlemmane er aktivt med i arbeidet i sentralstyret. Varamedlemmane deltar på besøk til medlemslaga, i utvalsarbeid og med andre oppgåver i organisasjonen, samstundes som varamedlemmane ikkje er faste medlemmar i sentralstyret, og dermed ikkje møter på dei fysiske sentralstyremøta og landsstyremøta, noko som er viktig motivasjon for tillitsvalde.

Kontrollutvalet får opplyst at det kan vere krevjande å få folk til å stille til tillitsverv på grunn av det høge arbeidspresset, og kontrollutvalet er bekymra for dette. Det er viktig at tillitsvalde ikkje slit seg ut og at det er mogleg å kombinere tillitsverv sentralt i Senterungdommen med studiar eller arbeid.

#### **Kontrollutvalet sine tilrådingar:**

- d. Sentralstyret gjennomgår arbeidsoppgåvene og forventningane til utvala og sentralstyret, og vurderer om det må gjerast ei sterkare prioritering av arbeidsoppgåver.
- e. Sentralstyret vurderer om det er mogleg å fordele arbeidsoppgåver på ein anna måte i organisasjonen.

#### **4. Oppfølging av tilrådingane frå fjorårets rapport**

Kontrollutvalet sin rapport for 2020 tok for seg retningslinjer for tilsetting av ny generalsekretær, økonomi og administrasjon og valkomiteen sitt arbeid. Kontrollutvalet viser til at utvalet sin rapport har vore tema på alle sentralstyremøte, og meiner at oppfølginga av punkta i tilrådingane har vore god isolert sett.

Kontrollutvalet merkar seg at tilsetjingsprosessen har vore drøfta i møte med generalsekretær i LNU og at sentralstyret har fått tilbakemelding på kva som er vanleg praksis i ungdomsorganisasjonar, og kontrollutvalet knyter ingen vidare tilrådingar til dette.

Kontrollutvalet ser at det har gjort seg gjeldande andre utfordringar knytt til økonomi. Det vises vil fjorårets rapport og vurderingane i punkt 1 i årets rapport.

#### **Oppsummering**

Kontrollutvalet merkar seg at organisasjonen i eit krevjande år har hatt stor aktivitet. Senterungdommen har i stor grad gjennomført arbeidsprogrammet, og lagt opp til alternative arrangement eller tilbud når covid-19-tiltak har gjort at planlagde arrangement har blitt avlyst.

Kontrollutvalet merkar seg at det jamt over blir arbeida godt i organisasjonen.

**Kontrollutvalet sine samla tilrådingar:**

- a. Senterungdommen bør gå i dialog med rekneskapsfunksjonen, og utarbeide nye og betre rutinar for økonomioppdateringar og rekneskapsføring.
- b. Når møteplanen er fastlagt i starten av kvart arbeidsår bør det sendast ei tydeleg bestilling til rekneskapsfunksjonen om kva datoar Senterungdommen må ha mottatt oppdaterte tal, slik at skriftlege økonomirapportar kan sendast ut med sakspapira.
- c. Senterungdommen gjennomgår rutinane for oppdatering av medlemssystemet, og utarbeider retningslinjer for opplæring av nye fylkesleiarar og lokallagsleiarar.
- d. Sentralstyret gjennomgår arbeidsoppgåvene og forventningane til utvala og medlemmane i sentralstyret, og vurderer om det må gjerast ei sterkare prioritering av arbeidsoppgåver.
- e. Sentralstyret vurderer om det er mogleg å fordele arbeidsoppgåver på ein anna måte i organisasjonen.